

ÅRSBERETNING AUF I VESTLAND

ÅRSBERETNING FOR 2024

INNLEIING

2024 har vore eit år som har sett både Noreg, verda og sosialdemokratiet på prøve. Medan prisane skyt i vêret, bustadmarknaden strammar seg til, og nærskular vert lagt ned, vert skilnadene i samfunnet vårt klarare enn nokon gong. Dette er ikkje berre tal og statistikk som storavisene slengjer ut i prosentar kvar månad, nei – dette er kvardagen til stadig fleire som kjenner på ei aukande uro.

Samtidig har naturen gjeve oss ein brutal lærepenge om kva passiv klimapolitikk fører med seg. Frå storbrannane i Los Angeles til ekstremveret som har råka Vestlandet, er bodskapen krystallklar: Klimaet krev handling – og det hastar.

På den russiske grensa kjempar ukrainske soldatar med livet som innsats for fridom og demokrati mot Putins brutale regime. I Palestina ser uskuldige menneske heimane sine verte jamna med jorda, fastlåste i ein konflikt som verkar uløyseleg. Og i demokrati verda over ser me ein farleg trend der autoritære krefter vinn terreng, forkledd som folkerørsler. Frå Trumps splittande retorikk i USA til høgreekstreme leirarar i Europa – makta vert samla hjå dei få, medan ulikskapen veks.



Heller ikkje Noreg er immun mot denne utviklinga. Tilliten til sosialdemokratiet sine løysingar er under press. Målingane syner at om det var val i dag, ville me hatt ei blåblå regjering leia av høgrespopulist Sylvi Listhaug. Dette er ei røynd me må møte med fullt alvor.

Kameratar. Dette har me stått i før. AUF og arbeidarrørsla har gjennom heile historia vist at det umogelege er mogeleg. Det er i sosialdemokratiets ånd, med kampvilje og fellesskap, at me vinn fridom, tryggjer likskap og dyrkar solidaritet.

Og medan Framstegspartiet og venene deira jublar for kortsiktig medvind på meiningsmålingane, er det ein ting dei ikkje såg kome: AUF i Vestland står sterkare enn nokon gong. Me har vakse i tal medlemer, fått fleire aktive lokallag, nådd nye gjennomslag og styrka laget vårt med fellesskap og mangfald. Den styrken vil høgresida aldri klare å matche.

Kjære AUFar,

Takka vere deg står me sterkare enn på lenge. Din innsats, ditt engasjement og di kampvilje gjer at høgresida ikkje har ein sjanse. Samstundes som me veks, gjer me ein forskjell – og saman skal me vinne kampen for fellesskap, rettferd og solidaritet. Kaksane på høgresida kan berre drøyme – for med deg på laget er me uslåelege!




ÅRSMØTET 2024

Vestlandets viktigaste politiske verkstad vart halden i Bjørnafjorden 2.–4. februar. Sjølve møtet vart halden på rådhuset i Bjørnafjorden, og me overnatta på Os barneskule.

Me vart losja gjennom møtet av dyktige Sandra Tenud, Nikolas Dale Skjerping og Fawzi Warsame, saman med dei gode referentane Henrik Drivenes, Haakon Nybø og Nina Haug.

På årsmøtet var det ein særskilt god debatt, med fleire gode vedtak om alt frå skulesaker til internasjonal politikk. Mellom dei gode diskusjonane fekk me besøk av fylkesleiarar i AUF i Buskerud og Trøndelag, Emilie Sveva og Kristine Holden, samt fylkesvaraordførar Stian Davies og HK-Ung-leiar Henrik Drivenes.

Ein kan klart konkludere med at årsmøtet var ein suksess. På årsmøtet gjorde me vedtak om ny kontrollkomité, valkomité og landsstyrrepräsentantar, og ikkje minst eit nytt fylkesstyre som fekk i oppgåve å styre fylkeslaget for det komande året.



PÅ ÅRSMØTET BLEI DESSE VALD:

FYLKESSTYRET:

Arbeidsutvalet:

Leiar: Oda Medhus

1. nestleiar: Noah Sellevoll

2. nestleiar: Mina Sture Fredheim

Økonomiansvarleg: Aleksander Sognnes Heltne

SMIF-ansvarlege:

Skule og arbeid: Sigurd Aakre

Miljø og klima: Marius Hauge Sætrevik

Internasjonalt: Nora Jæger Thorland

Feminisme og likestilling: Malin Bøgevik

Øvrige medlemer:

Medlem: Aksel Florvåg Ringdal

Medlem: Alexandra Schonhowd Sørensen

Medlem: Tor Natvik

Vara:

Aurora Ravnøy Eriksen

Julian Fløde

LANDSSTYREREPRÉSENTANTER:

Oda Medhus

(vara: Mina Fredheim)

Noah Sellevoll

(vara: Aleksander Sognnes Heltne)

KONTROLLKOMITÉ:

Andreas Jansen (leiar)

Helena Haldorsen

Reidar Fugle Nordhaug

VALKOMITÉ:

Ragnhild Kirkeluten (leiar)

Johanna Fond

Haakon Kyrkjebø Nybø

Egil Vestrheim

Nina Haug



REPRESENTANTSKAP

I 2024 har me avhalde to representantskap. Det første var på Askøy 26.–28. april. Det andre var i Årdal 13.–15. september.

Årets første representantskap på Askøy var eit kjekt og ikkje minst viktig representantskap. Me fekk storfint besøk frå to av AUFs øvste leiing; nestleiar Gaute Skjervø og generalsekretær Jan Halvor Endrerud. Jan Halvor fekk gire opp laget til årets to viktigaste hendingar: sommarleir og landsmøtet. Gaute sin engasjerande innleiing om det amerikanske presidentvalet sette stort preg på representantskapet og var eit tydeleg prov på kvifor det er viktig at me avheld representantskap og vedtek god og rett politikk.

På dette representantskapet gjorde me også fleire av årets aller viktigaste vedtak. Året 2024 har det vore landsmøte og stortingsnominasjonar. Då må AUF i Vestland stille opp med sine kandidatar.

VEDTAKA SOM VART GJORT VAR FØLGJANDE:

LEIAR-KANDIDAT TIL AUFS SENTRALSTYRE:

Gaute Skjervø

KANDIDATAR TIL AUFS SENTRALSTYRE:

1. kandidat: Sandra Tenud
2. kandidat: June Gruer

STORTINGSKANDIDATAR I HORDALAND VALKRETS:

1. kandidat: June Gruer
2. kandidat: Noah Sellevoll

STORTINGSKANDIDATAR I SOGN OG FJORDANE VALKRETS:

1. kandidat: Frida Selvik
2. kandidat: Julian Fløde



Ved årets andre representantskap tok heile fylkeslaget turen til arbeidspartibastionen Årdal. Her sov me og avheldt møtet på Årdal vidaregåande skule. Programmet vart proppa av viktige innleiingar om både nødvendige og engasjerande politiske saker, og ikkje minst faglegpolitisk innhald.

Blant besøka me fekk, var Rune Bakervik, stortingskandidat og Vestland Ap sin representant i programkomiteen. Vidare fekk me besök av Espen Edvardsen, fraksjonsleiar i hovudutval for opplæring og kompetanse på fylkestinget, som snakka om skulestruktursaka. Noko av det kjekkaste me fekk gjere, var å dra på bedriftsbesøk på Hydroen i Årdal. Her fekk me omvising av heile den imponerande industriarbeidsplassen.

Til årsmøtet var dei tre største fagforeiningane i LO inviterte: Fagforbundet, Fellesforbundet og Handel og Kontor. Målet var at medlemmane våre skulle bli betre kjende med dei, og organisere seg i eit LO-forbund. Ein av årets største bragder vart nådd på dette møtet: alle melde seg inn i LO, og me fekk 100% organisasjonsgrad på representantskapet.

I juni varsla fylkesleiar Oda Medhus at ho hadde fått jobb som ny rådgjevar for AUF-leiaren, og måtte tre fram rolla som leiar for fylkeslaget. Det betydde at representantskapet måtte supplere fylkesstyret og finne ein ny fylkesleiar. Endringane som vart gjort, vart følgjande:

Leiar: Noah Sellevoll

1. nestleiar: Mina Sture Fredheim

2. nestleiar: Malin Boeveik

Feminisme og likestillingsansvarleg:

Marlene Pedersen

Fylkesstyremedlem: Sondre Sæbø

Me takkar Oda for ein langvarig, imponerande og sterk innsats som fylkesleiar i 1,5 år, og ynskjer henne lykke til med jobben i tigerstaden. Me gler oss til me får deg heimatt!



SOMMARLEIR:

Lovnaden me fekk var årets vakraste eventyr, og endå betre vart det! Med om lag 40 deltarar med festivalpass på Utøya-festivalen 2024, 31. juli–4. august, hadde me det utruleg kjekt.

Me hadde aksjon om studentbustadkrisa i Vestland og kom med klare krav overfor statsminister Jonas Gahr Støre. Over fleire dagar med eit solid program, god underhaldning og ikkje minst konsert med sjølvaste Kamelen, var det mykje som la til rette for at dette skulle bli ein rekordbra sommarleir. Og endå betre vart den då det vart klart at AUF i Vestland drog i hamn gullet i volleyballturneringa! Me gler oss til neste sommarleir og ser fram til å ta med ikkje berre eitt, men to gull i 2025.



LANDSMØTET

I 2024 vart det aller viktigaste møtet i AUF avholdt: landsmøtet. Frå 17.–20. oktober stilte me opp med nesten 30 AUF-arar med fullpakka bag for å få gjennom våre øvste politiske saker.

Før landsmøtet hadde fylkeslaget vald sine viktigaste saker og kven me ønskte skulle representerere oss i AUFs øvste organ: sentralstyret.

Valkomiteen hadde innstilt vår 1. kandidat, Sandra Tenud, som øvste sentralstyremedlem, og vår leiar-kandidat, Gaute Skjervø, som ny AUF-leiar. Desse gjekk samrøystes gjennom, og AUF i Vestland vart sikra god representasjon dei neste to åra også i sentralstyret.

Dei to fanesakene våre var klare: Me skulle sikre nynorsken sin plass i AUF og sikre studentlaget vårt nye vedtekter som kan konkurrere med andre studentorganisasjonar.

For å oppsummere desse kort: Me fekk fullt gjennomslag på begge områda. Gjennom landsmøtets politiske debattar var AUF i Vestland desidert dei beste på talarstolen. Samtlige heldt engasjerande og sterke innlegg som sikra oss fleire gjennomslag.

Me kunne dra heim til Vestland med heva hovud, og var stolte over dei mange gjennomslaga me fekk på landsmøtet.



NOMINASJON

Nominasjonsprosessen i Vestland Arbeidarparti har opptatt mykje av tida vår i 2024. I 2025 går me nok ein gong til valbodene og skal stemme fram kven som skal styre landet vårt dei neste fire åra. For AUF i Vestland sin del var bodskapen klår: Me må nå ut til unge, og det med dei beste unge kandidatane på høge og verdige plassar.

Resultatet vart historisk: Aldri før har AUF i Vestland hatt så god representasjon på stortingslistene. I Hordaland fekk me 1. kandidat June Gruer på 5. plass, og AUF-kandidat Benjamin Jakobsen på 4. plass. Noah Sellevoll fekk og 14. plassen. I Sogn og Fjordane fekk 1. kandidat Frida Selvik 3. plassen. Julian Fløde trekte seg som stortingskandidat grunna ny jobb. Med det valde me Reidar Fugle Nordhaug som vår kandidat, og fekk han på 6. plassen.

Me er stolte over resultatet og gler oss til å farge heile Vestland raudt i stortingsvalet 2025!



VESTLAND ARBEIDARPARTI

Samarbeidsklimaet med Vestland Arbeidarparti i 2024 har vore godt.

Det har vore gode, konstruktive møte i fylkesstyret til Arbeidarpartiet, der først Oda Medhus representerte oss, før Noah Sellevoll tok over etter at ho gav seg som fylkesleiar. Me opplever at me vert lytta til, og gjennomslaga på årsmøta og representantskapa beviser nettopp det. På årsmøtet til Vestland Arbeidarparti fekk me fullt gjennomslag for å anerkjenne Palestina og boikotte Israel.

Me gler oss til å møte gode partikamratar og i 2025.

FYLKESTINGET

Det har vore stort forbettingspotensial i korleis AUF jobbar i dei politiske prosessane. Fylkesleiar i AUF i Vestland har fast plass i fylkestingsgruppa, og må nytte denne plassen til å få gjennom vår politikk.

Blant våre hjartesaker finn me i fylkespolitikken: dei vidaregåande skulane, kollektivtilbodet, tannhelse, biblioteka mm. I 2025 må AUF involvere seg betre i budsjettprosessane, og elles i dei andre førebuingane til fylkesting. Med eit forbetra samarbeid ser me lyst på eit godt samarbeid, og fleire gjennomslag i 2025.



FAGBEVEGELSEN

Det faglegpolitiske samarbeidet er blant det viktigaste me jobbar med gjennom året. For å vere heilt tydeleg: Det finst ingen betre møtepunkt AUF med våre folk enn i LO. Nettopp her møter me dei me er til for.

Me takkar LO og forbunda for eit styrka samarbeid i 2024. Gjennom faglegpolitiske representantskap og møtearenaer har me kome nærare, og i særskilt god kontakt med kvarandre. Gjennom hausten og vinteren har det vore arbeida med samarbeidsavtalar med dei tre største forbunda, samt LO regionalt.

På LOs sommarpatrulje stilte AUF med 17 deltagarar, og nesten 50 dagsverk. AUF i Vestland har aldri vore større på sommarpatruljen til LO, og har gjort eit viktig arbeid for å sikre at unge har det bra på arbeidsplassane deira.

Me må lukkast betre i å treffen arbeidsfolk på arbeidsplassane deira i framtida, og kome i kontakt med fleire forbund. Me ser fram til å få til fleire bedriftsbesøk saman med forbunda i 2025.



MEDIA

Me skal vere stolte over kor mange AUF-arar som har vore synlege i media i 2024. Tusen takk for at de har stått fram i både lokale og nasjonale aviser og medium om det de er opptatt av. Takket vere dykk set me dagsorden, og styrer det politiske ordskiftet. I framtida må me betre strukturere mediaarbeidet, og sørge for at me kontinuerleg klarar å vere synlege.

NOKON AV MEDIEOPPSLAGA:

Meiner dei unge har mista 1. n av syn



Nora (14) om flyktningvedtak: – Skamma meg over å vere fitjarbu

Nora Jæger Thorland meiner vedtaket til Fitjar kommune om å berre ta imot flyktningar frå Ukraina er rasistisk. Det avviser ordføraren.




Birgitte Vågnes Bakken

Publisert 24.05.2024 13:05

– Dagen det kom ut skamma eg meg over å vere fitjarbu. Det følast flaut at bygda eg kjem frå skal vere sånn.

Nora Jæger Thorland går i 9. klasse på Rimbareid skule i Fitjar. I mars vedtok kommunen hennar at dei [berre vil ta i mot flyktningar frå Ukraina](#). Det synest 14-åringen, som er nestleiar i Sunnhordland AUF, er [dialektarbeidar](#).

Anerkjenneise av Palestina – pa tide!



POLITIKK I VESTLAND

22.juli 2024 kl. 10:36

AUF-leder i Vestland om 22. juli: – Det er utrolig viktig at vi snakker om dagen

I dag er det 13 år siden terrorangrepet 22. juli. Terorhandlingene på Utøya og i Regjeringskvartalet denne dagen i 2011 drepte 77 personer og mange ble skadet for livet.

Det skal være minnemarkeringer i Øygarden, Askøy, Bergen, Osterøy og Stryn i dag.

AUF-leder i Vestland, Noah Sellevoll, sier til NRK at det nå er mange unge som bare har et forhold til terrorangrepet fra tæreboekene.

Selv var han seks år i juli 2011.

– Når man ikke husker terrorangrepet, er det vanskelig å få en tilknytning til dagen. Derfor er det utrolig viktig at vi snakker om dagen, sier Sellevoll til NRK.



MEDLEMSITUASJONEN

Me har ikkje nådd måla for kor store me ynskjer å vere. Årsmøtet i 2024 sette som mål å bli 900 medlemer, me vart 588 medlemer og 192 støttemedlemer, totalt 780 medlemer. Me har vorte større enn me var året før, og det skal me vere glade for. Tusen takk til alle som har stilt opp og jobba for at fleire skal engasjere seg i AUF.

Det er likevel heilt klart at AUF i Vestland no står i ein sterkare posisjon. I framtida bør me ikkje halde ambisjonane i ro – tvert imot, AUF i Vestland har potensial til å bli aller størst. Det krev ein meir strukturert, skulert og motivert organisasjon. Det skal me klare!

ØKONOMI

I år går AUF i Vestland ut med eit driftsresultat på minus 56 018 kr. Dette er meir enn budsjettet med, grunna mindre inntekter enn forventa, til tross for stabil økonomistyring og ein forholdsvis bra likviditet gjennom året.

I 2025 går AUF i Vestland over på eit nytt reknaksapsystem som aukar kostnadane for økonomien. AUF i vestland går inn i 2025 med ein redusert økonomi, dermed vil fleire av kostnadane for kampanjar og aktivitet lagt over på lokallaga. Samtidig som at ein skal søke meir pengar til lokallaga frå AUF sitt prosjektstøtte fond.



AVSLUTNING

Kjære AUFar,

Takka vere at du har meldt deg inn, stått på stand, skrive lesarinnlegg, halde møte, tatt debattar, snakka politikk rundt middagsbordet eller tatt kampen mot din rasistiske onkel på julaften; så har du vore med på å påverke. Når høgrekretene no kjem bankande på døra, skal me smelle ho igjen, og vise dei nettopp kva me sosialdemokratar er bygde av.

Så om de kan unnskylde mitt uparlamentariske språk: No skal me ta dei jævla kaksane, brette opp ermane og vinne valet.

Tusen takk for eit heilt fantastisk år, eg gler meg til å gå inn i 2025 saman med verdas beste fylkeslag.

Kameratsleg helsing,



Noah Sellevoll
Fylkesleiar i AUF i Vestland

